## Like mange hundar som i fjor i utstillingen 18.05.2015



Fornøgde ustillarar frå Telemark i Uskedalen - Signe Mosebø og Ann Kristin Øien

**Ifjor var det 50 rlghundar med i elghundutstillingen på grusbana og det vert like mange i år. Det er arrangøren Hordaland elghundklubb godt fornøgd med,Det vert med andre ord ein lovande introduksjon til bandhund-NM som går like etter månadsskiftet mellom juli og august med Uskedalen som base.**

**Dei som ikkje er svarthundar i arrangementet til helga er 6 grå, 2 jemt og 1 svensk kvit. Den siste er ein nykommar hos oss som det skal verta interessant å sjå, seier fleire oppdrettarar. Arrangementet startar ellers allereie fredag med orientering ved dommaren - tryslingen Arild Berget, som er kjent frå før også på desse kantar. Det vert også eit anna innslag med prøvetaking i samband med eit forskningsprosjekt i Elverum.**

På få år har Uskedalen opparbeida ein posisjon som senter for hundeutstillingar og det skal verta spennande å sjå utviklinga vidare. Ein skulle tru at mykje avheng av eit vellukka NM på ettersommaren. Anita Lie og Atle Helland har gjort ein banebrytande innsats saman med eit knippe flinke oppdrettarar. Dette er den største utstilling av svarthundar her i landet og det stoppar neppe på dagens nivå.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen